

Lynghesenteret

Museumssenteret i Hordaland

Riksantikvaren
Postboks 8196
Dep. N- 0034 OSLO

v/ Hordaland Fylkeskommune
Seksjon: Kulturminnevern og Museum
postboks 7900
5020 Bergen

Lygra 25.10.2016

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2198 / 16 LHS

Rapport ang. kulturlandskapstiltak på Lynghesenteret på Lygra i 2016.

Viser til brev frå 19.04.2016, og takkar så mykje for tildelinga på kr 600.000– dette har vore til stor hjelp og vi har fått utført mykje i år !

Utført i 2016:

- I november – desember 2015 fortsatte vi arbeidet med rydding rundt Idleviksdalen, og i januar til mars rydda vi ei større området for krattskog på Kalven, fortsatte ryddinga i området langs vatnet og over midtryggen og ned på vestsida. Ein rydda også på austsida nord i skogsområdet.
- Bekjemping av einstapen og einer i i lyngheiene er også høgt prioritert dette året. Dette har vi halde på med fleire år og vi ser god effekt. Vi jobbar systematisk og utvider områda for kvart år – og har stort sett same innsatsfaktor på dette kvart år.
- Forsette vedlikehalde av gjerda og grunder som ligg i lynghei beita. Vedlikehald av stiane i området.
- Moldtak og torvtak, ein nøkkelfaktor for lyngheidrifta, tilrettelegging for undervising og formidling.
- Auka arealet av åkerbruk, slåttemark for å vise ressursbruken på ein lyngheigard. Tilrettelegging for formidling og undervising. Beitedyr på heilårs beiting i lyngheiene på Lurekalven og Tangane.

Tiltak 1: Rydding av Lyngheilandskapet

(= 1395 timer + Driftskostnader materiell kr 2500)

Januar – mars / nov -des: Rrydding av krattskog som kjem opp for fullt og mykje einer. Rydding av krattskog i vikane mot vest lenger nord. Rydde på austsida av området mot sankegjerden- her har det kome opp mykje ny krattskog siste åra, i tillegg fortsatt arbeidet i Båasane –til Idleviksdalen på vestsida og langs midtryggen av øya; rydding av krattskog og mindre klynger med skog. Opprydding av tidligare hogst ved vatnet. Rydding av krattskog i vikane mot vest lenger nord.

Mars: Sviing av lyng i 2 områder på Kalven..

Ytre Lygra - på utmarka og Lyngheiene mot Tangane:

Februar/ mars: Sviing av 2 områder på Tangane

.

Juni – August: Rydde vi einstape og kratt frå Stølen til Tangane..

Tiltak 2: Gjerder / grunder og stiar :

Brukt 413 timer og 24264 kr i driftskostnader.

I år har vi fått sett opp mykje gjerder , både i forhold til beiting, og vedlikehald av eksisterande gjerder i utmark, både på Tangane og på Lurekalven., bl.a. er tverrgjerde mot sankekke på Kalven skifta. Vi har også hatt vanleg

Lygheisenteret

Museumssenteret i Hordaland

vedlikehald av alle stiane og grinder på Ytre Lygra. Området er ope for publikum heile året og det er derfor behov for ekstra vedlikehald av grindene.

Tiltak 3: Drift moldtak / torvtak / gardflor :

(0 timar) + div kost : 0 kr

Drift av torvtaket på Lurekalven og torvtaket på Tangane vert brukt som eit lite demonstrasjon felt for elevar og andre besøkande som ikkje kan reisa til Kalven. Torvtaket på Kobbsteinmyra vert brukt til å halda ved like kunnskapen og tradisjonen med torvtaking, og visa ressursbruken på ein lyngheigard. Torvtaket skal brukast til formidling og undervising. Torva vert brukt til fyring i gruva på infobygget. Det er stor interesse for torvtaking blant våre besøkande. Dette er noko mange har høyrte om, den gamle generasjonen har vore med på det, men ungdommen i dag kjenner lite til dette. Dette er ein viktig ting for å vise ressursbruken i den gamle lyngheidrifta. Vi har dessverre ikkje fått teke mold og torv i år. Vi får likevel vist og fortalt korleis dei nytta molda, torv korleis det var ein viktig del av gjødsels bruken.

Tiltak 4: Slått hesjing og åkerbruk

(450 timer + driftskostnader materiell + div kostnader kr 1500)

Til slått, hesjing og åkerbruk har vi bruk meir tid enn planlagt. Vi har hatt ein større slåtteteig med hesjing og ljåslått/ maskinslått. Mesteparten vart bakkjetørka i år. Åker arealet er større enn i fjor, totalt ca 1,5 daa med poteter, grønnsaker, urter og bær. Vi har også hatt 2 mindre åkrar til demonstrasjon og undervising. Vi hentar tang frå fjøra for å gjødsel i dei minste åkrane. Tang var ein viktig ressurs for kystbøndene. Ein kunnskap som i stor grad er gått ut av «manns minne».


Tiltak 5: Beitedyr

75 timer + driftskostnader kr 3600) Vi eig no mediegarar i villsauene som går på heilårsbeiting Lyngheiene, og har ein del arbeid i samband med dette til sanking og ettersyn. Kostnader er i hovudsak til båt og transport av dyr til /frå Kalven. Vi har ikkje kome i gang med egne beitedyr på innmark /kulturbeitet på eige bruk enno. Bruket er beita av av nabobruket..

Rapport pr 30 oktober 2016	timer	kr	Andre kostnader:	Sum
Tiltak 1: Brenning og Rydding av Lyngheilandskapet	1 395	337	2 500	472 615
Tiltak 2: Gjerder, grinder og steingardar ,stier	413	337	24 264	163 277
Tiltak 3: Moldtak / torvtak/ Gardflor	-00	337	-00	-00
Tiltak 4: Slått og åkerland	450	337	1 500	153 150
Tiltak 5: Beitedyr	75	337	3 600	28 875
Sum totalt :	2 333		31 864	817 917

Vennleg helsing

Atle Ove Martinussen
Direktør
(Sign.)



Torhild Kvingedal
Avdelingsleiar
Lygheisenteret